

Stord kyrkjeakademi høsten 2014

Torsdag 2. oktober

"Kvinnelige tidsvitner - historier fra Holocaust"

v/ Jacob Lothe

I samarbeid med biblioteket.

Onsdag 19. november kl. 19:00

Stad: Museumshallen, Sunnhordland museum

Temaet er tilhøva i Nigeria. Meldingane frå dette landet er skremmande, og vi tenkjer gjerne med ein gong på bortføringa av over 200 unge jenter for snart eit år sidan. Men korrupsjon og borgarkrig er langt frå heile biletet frå dette enorme og rike landet. Ingvild Sjo (som òg er styremedlem i Stord kyrkjeakademi) har gjennom dei siste månadene vore på to reiser i Nigeria, og vil formidla fyrstehands kjennskap til dette landet.

Ingvild er frilanssjournalist, men arbeider elles til dagleg bakeriet "Peder Bakar". Utover dette har ho eit breidt sosialt engasjement, ikkje minst gjennom den katolske kyrkjelyden i Bergen.

Her er en smakebit av alt Ingvild har opplevd:

Møte med folk i fattige (rike) Nigeria

I mai vart eg tildelt eit reisestipend frå Pressens stipendkomite, og tittelen på mitt prosjekt var: Møte med folk i fattige (rike) Nigeria.

Vilkåret for å få eit slikt stipend, er å reisa til lite utvikla land og land med stor fattigdom, etter OECD si internasjonale rangering. Dette er fordi det meste av stipendpengane kjem frå Norad som har som mål å auka interessa for utviklingspolitikk. Mitt val fall på Nigeria, fordi her aukar fattidomen trass i at landet har store oljeressursar og er den største økonomien i Afrika, med vekst på sju prosent i år. Etter to reiser til Nigeria, ei i mars og ei i august i år, har eg noko å fortelja om dette landet og dei som bur der. Når Stord kyrkjeakademi no har invitert meg til å halda innlegg den 19. november 2014, og visa bilete frå turen min, får dei del i desse opplevingane:

Statoil: Har operert i Nigeria sidan 1992 og hentar opp 44.000 fat olje kvar dag frå havbotnen i Guineabukta. Eg vitja Statoil sitt kontor i Lagos og møtte landsjef Ariwoola Ogbemi som fortalde om kva tatoil gjer i Nigeria og utfordringar det norske kontoret har i eit land som er kjent for kidnapping og korrupsjon.

Makoko: Eit kvarters køyring frå Statoil ligg Makoko; det mest spesielle slumområdet i Afrika, bygd på pålar ut over sjøen. Her bur det 300.000 menneske på 100 mål sjø, dei fleste barn. Det starta som ein liten fiskarlandsby for 100 år sidan, og har vakse seg til eit stort problem for nigerianske styresmakter. Eg har vore på båttur i Makoko, intervjuet ein familiefar, og fanga med kamera korleis det er å veksa opp på denne staden.

Kvinnene på landsbygda: Nigeria er på andreplass i verda når det gjeld død under barsel. I landsbyen Ebenebe, midt i hjarta av det som ein gong skulle vera Biafra, møtte eg kvinner som fortalde kva dei

strevar med der. Få kvinner kan lesa og skriva, og fleirkoneri er vanleg. Foreldre har ikkje råd til å senda borna til skulen. Dei manglar kapital til å betra livssituasjonen sin.

Etter ein reportasje i Grenda om desse kvinnene, reagerte Omvikdalen Bygdekvinnelag og privatpersonar og ville gje kvinnene ein god sjanse. Under min neste tur til Nigeria kunne eg levera 1.500 dollar til prosjektet Ebenebe Women Pilot Project, ei ordning der 11 kvinner fekk mikrolån til ein ny start.

Bring back our girls: I hovudstaden Abuja har det vore demonstrasjonar kvar dag sidan over 200 jenter vart kidnappa av Boko Haram i april. Skulejentene er enno ikkje berga. Eg var med under ein demonstrasjon i Abuja i august og fekk snakka med eldsjeler som forklarte korleis situasjonen er og kvifor dei ikkje gjev opp.

Eg gler meg til å få dela med andre ei reise til eit spennande land få av oss har høve til å vitja.